

Til minne om Mads Løkeland-Stai

Mens 1. oktober 2021 var ein gledens dag for naturvernet i Noreg, med stans i anleggarbeidet for gruva i Repparfjorden, blei dagen etter ein sorgens dag. Da fikk vi meldinga om at den fremste i gruvekampen i Noreg har forlatt oss. Utan Mads ville vi heller ikkje kunna feira gårsdagens siger.

I to av dei viktigaste miljøkampane i vår tid, om mineralutvinning og vindkraft, var han ein foregangsmann. Mads var ikkje den som var oftast på TV eller i avisene, men når Naturvernforbundet hadde utspel i gruvespørsmål, sto han ofte bak.

Eg kjenner ikkje så mye til yrkeslivet, familielivet og det tidligare politiske arbeidet til Mads, så det får andre uttale seg om. Eg veit bare at han gjennom utdanninga som ingeniør og arbeid bl.a. som faglærer skaffa seg eit svært solid faglig grunnlag for å uttale seg. Han hadde stor evne til å gå grundig inn i vanskelige saker, analysere og legge fram så andre forsto det.

Mitt første møte med Mads kom da det i 2010 dukka opp planar om å starte opp ny gruve i heimkommunen min. Vi i lokallaget av Naturvernforbundet var skeptiske, men vi visste minimalt om gruver. Kor kunne vi få hjelp? Gruvespørsmål hadde da ikkje vore veldig aktuelt i Noreg på mange år, og lite i fokus for miljøorganisasjonane. Men i Trøndelag var det ein kar som lenge hadde jobba mot forureininga frå nedlagte gruver og også engasjert seg mot nye planar. Han måtte vi få tak i. Vi fikk Mads å komme til Guovdageaidnu og halde foredrag, og det blei starten på ein kamp som endte med at gruveplanen blei avvist av kommunen. Dette blei starten på eit samarbeid som skulle vare så lenge han levde. Omtrent samtidig starta kampen om Nussir-gruva i Repparfjorden og her skulle også Mads spele ei viktig rolle. Gjennom heile prosessen frå reguleringsplan, utsléppsløyve og driftskonsesjon kunne vi dra nytte av Mads sine kunnskapar. Han hadde ein oversikt over internasjonale gruvespørsmål og eit nettverk som låg langt foran oss andre. Ikkje minst gjorde han eit stort arbeid med spørsmålet om sjødumping rundt i verda.

Da eg frå 2013 ga meg ut på arbeidet med bokserien "Gull, gråstein og grums", blei Mads ein solid støttespelar, som las både innhaldsmessig og språklig korrektur på fire bøker. Så kom det neste trugsmålet mot naturen, vindkraft. Igjen oppdaga vi at nokon i Trøndelag hadde gått foran, med Mads i ein sentral posisjon. Dei var blant dei første i den norske miljøørsla som avslørte at vindkrafta ikkje var verken miljøvenlig eller grøn, og dei ga ut heftet "Vindkraft og industrilandskap".

Det er langt mellom Orkanger og Guovdageaidnu, og det var ikkje så mange gongane at Mads og eg traff kvarandre direkte, men både epostane og telefonane mellom oss kan nok tellast i hundretal. I det naturvernarbeidet eg har fått vere med på det siste tiåret og vel så det, er det ingen eg har fått så mye god hjelp av som Mads.

I Naturvernforbundet har Mads hatt dei fleste verv som ein kan ha, frå lokallag og fylkeslag til sentralstyret. Der fikk han dessverre bare ein periode før han måtte trekke seg på grunn av sjukdom. I Naturvernforbundet sitt gruveutval var han ein sjølvskreven medlem og den reelle leiaren frå starten og fram til i år. I mange år sleit han med sjukdom, men engasjementet heldt han fast ved og det bidro til å halde han oppe. Han kunne ikkje møte opp da han i 2018 vel fortent blei utnemnd til æresmedlem av Naturvernforbundet. Den siste tida såg han at tida hans snart var over og at det var på tide å finne etterfølgarar. Da spurte han meg om eg kunne overta plassen hans i gruveutvalet og det var ikkje mogleg å seie nei. 30.09. deltok eg på mitt første møte i gruveutvalet, kanskje også utvalet sitt første møte utan Mads. To dagar etterpå fikk vi den triste meldinga om at det var slutt.

I begge dei store kampane som Mads engasjerte seg mest i står vi over for enorme utfordringar. Norsk natur på land og sjø er truga av mengder av planar for svært naturøydeleggande gruver og vindkraftanlegg. Mads gikk foran og det skal mye til å fylle den plassen som no står tom. Vi skal heidre ein føregangsmann og gjøre vårt beste for å føre kampen vidare.

Svein Lund

sekretær Naturvernforbundet i Ávjovárri og redaktør gruve.info

